



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Prosjektleiar realfag - 20% engasjement

Stillingsinformasjon

Stillingsa er oppretta som eit ledd i kommunen sin realfagsatsing. Kommunen er realfagskommune og har fått statlege midlar for å etablere og leie realfagsnettverk i kommunen. Engasjementet varer ut 2019.

Meland kommune skal vere "Eit samfunn for alle", og vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet. Som leiar av realfagsprosjektet vil du samarbeid med skular, barnehagar, Udir og Universitet/Høgskulemiljø.

Arbeidsplass

Stillingsa vil organisatorisk bli plassert under ein av skulane i kommunen

Arbeidsoppgåver

Du er ein god relasjonsbyggjar med stor interesse for realfagsarbeid i barnehagar og kommunar.

Arbeidsoppgåver vi vere:

- Leie kommunalt realfagsnettverk
- Planleggje studietur 2019
- Følgje opp lokale nettverk
- Planleggje felles fagdagar
- Rapportere på bruk av midlar
- Kontakt med fagmiljø (Universitet og høgskular)
- Delta på realfagssamlingar i regi av Udir
- Følgje opp tiltak i kommunen sin realfagsstrategi

Kvalifikasjonskrav

- Relevant utdanning på universitets- eller høgskulenivå
- Relevant erfaring frå tilsvarende arbeid (m.a. erfaring frå nettverksarbeid, realfagsarbeid og prosjektleiing)
- God evne til samarbeid
- Personlege eigenskapar blir vektlagt
- God skriftleg framstillingsevne, og til å jobbe strukturert og sjølvstendig

Kommunen bruker nynorsk som administrasjonsspråk

Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø

Engasjerte og dyktige medarbeidrarar

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 18.11.2018

Utlýst dato 02.11.2018

Vårref

84/18

Kontaktperson

Reidun Elin Johannessen, Skulefagleg seniorrådgjevar, mobil: 41400277, reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no